



## MØTEINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

**Møtedato:** 10.06.2020  
**Møtested:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 11:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost [lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no](mailto:lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no)

### Orienteringsmøte

#### Prosjekt - Gjennomgang av helse og omsorgstenesta.

I samsvar med kommunestyrevedtak 74/2019 vart Administrasjonsutvalet invitert til orienteringsmøte 19.03.20, for å gjennomføra oppstartsmøte i prosjektet. På grunn av konrona-pandemien, vart møtet avlyst.

Agenda Kaupang er invitert tilbake i dette utvalsmøte, for å orientere om arbeidet.

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
03/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
04/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
05/2020	REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR VELFERDSPERMISJONAR

2. juni 2020

Hege Eide Vik  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2020	Administrasjonsutvalet	PS	10.06.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/704

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2020	Administrasjonsutvalet	PS	10.06.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/704

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 02.12.2019

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

**Møtedato:** 02.12.2019  
**Møtestad:** Heradsstyresalen, Dale  
**Møtetid:** 10:00 - 12:00

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalsleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Magne Hestad		Arbeidstakarrepr.
Appia Paul Mkoba		Arbeidstakarrepr.

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem
Alexandra Nilsen		Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Kjartan Haugsnes	SV	Trond Olav Magnussen
Lillian Seim		Alexandra Nilsen

---

**Andre møtande:**

Frå administrasjonen møtte: Atle Fasteland og Lin Tove Thomassen.

Frå utdanningsforbundet: Marit Midtun

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
09/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2019	AKAN - POLICY FOR BRUK AV RUSMIDDEL OG SPELAKTIVITETAR
12/2019	BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE



**Vaksdal kommune**



**09/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Administrasjonsutvalet 02.12.2019**

**Behandling:**

Thor Andersen (AP) ber om at møterom for formannskapet er tilgjengeleg for politiske gruppemøter før møtestart i Administrasjonsutvalet, på same måte som for formannskaps- og kommunestyremøter. Utvalsleiar orienterte om at det i 2020 vert planlagt som at møter i Administrasjonsutvalet alltid vil bli sett opp same dag, og i etterkant av formannskapsmøtene.

**ADM - sak 09/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**10/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Administrasjonsutvalet 02.12.2019**

**Behandling:**

**Revidering av arbeidsgjevarepolitikk**

Magne Hestad (AP) ønskjer å få tilsendt referat etter møter i arbeidsgruppe 2, som no er avsluta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**ADM - sak 10/2019 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**11/2019: AKAN - POLICY FOR BRUK AV RUSMIDDEL OG SPELAKTIVITETAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Administrasjonsutvalet godkjenner policy for bruk av rusmiddel og spelaktivitetar



**Administrasjonsutvalet 02.12.2019**

**Behandling:**

Magne Hestad (AP) ba om at overskytande tekst vart fjerna i punkt nr 6

Heidi Rongved (AP) la fram forslag om å inkludere spelaktivitetar i setningen:

"Skulle ein av våre tilsette få eit problematisk forhold til bruk av rusmidlar **eller spelaktivitet** som påverkar arbeidstilhøva, er det vår intensjon å følge Akan-modellen for handtering av individsaker"

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med endringar nemnd over.

**ADM - sak 11/2019 Vedtak/Tilråding:**

Administrasjonsutvalet godkjenner policy for bruk av rusmiddel og spelaktivitetar.

-----

**12/2019: BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE**

**Administrasjonsutvalet 02.12.2019**

**Behandling:**

Formannskap/plan- og økonomiutval si tilråding til budsjett 2020 vart lagt fram for uttale.

Magne Hestad (AP) ønskjer at administrasjonsutvalet vert orientert om rapportar vedkomande vikarbruk m.m. på same måte som formannskapet vil bli orientert i 2020, jamfør punkt 3 i avsnittet "Vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak".

Magne Hestad (AP) sitt forslag vart samrøystes vedteke og Administrasjonsutvalet ønskjer å legge fram for kommunestyret at punkt 3 vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

**ADM - sak 12/2019 Vedtak/Tilråding:**

Administrasjonsutvalet ønskjer at punkt 3 i avsnittet "Vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak" vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

Formannskapet si tilråding til budsjett 2020 vert teke til orientering.



---

**Spørsmål**

Thor Andersen (AP) Presseoppslag i BT og Aftenposten og vald på institusjonar. Har Vaksdal kommune svart på den undersøkinga, og er dette sett på dagsorden i kommunen?

Rådmannen svara ut spørsmålet i møtet.





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2020	Administrasjonsutvalet	PS	10.06.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Solveig Pedersen	FE-515	20/603

### REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR VELFERDSPERMISJONAR

#### Vedlegg:

Referat drøftingsmøte

Gjeldande reglement for velferdspemisjonar

Revidert 04.05.2020 - retningslinjer for korte velferdspemisjonar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reviderte retningslinjer for velferdspemisjonar vert godkjent.

#### Saksopplysningar:

Leiar for HR, hovudtillitsvalde for Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Norsk sjukepleiarforbund har i drøftingsmøte 4. mai 2020 revidert retningslinjene for velferdspemisjonar.

Referat frå drøftingsmøte, samt gjeldande og reviderte retningslinjer ligg vedlagt saka.

Saka vert lagt fram for handsaming av administrasjonsutvalet.



## Drøftingsmøte, Dokumenter til KF Kvalitet

Dato: 04.05.2020

Til stades: Marit Midtun (HTV Utdanningsforbundet), Lillian Seim (HTV Fagforbundet), Appia Paul Mkoba (HTV NSF) og Randi Solveig Pedersen (HR Leiar)

Referat: Randi Solveig Pedersen

HR leiar hadde kalla inn til drøftingsmøte for å drøfte dokumenter som skal leggest inn i KF Kvalitet

- Revidert dokument for korte velferdspermisjonar
- Intervju guide
- Rutine for medarbeidarsamtale

Utkast til dokument var sendt ut i forkant (24.04.2020), saman med innkalling til møtet.

### **Revidert dokument for korte velferdspermisjonar.**

Dokumentet vart utarbeida og publisert i KF kvalitet i 2018. På grunn av at ein ikkje hadde drøfta dokumentet i administrasjonsutvalet blei dokumentet stoppa og erstatt med det gamle dokumentet. Etter drøftingsmøte med HTV vil administrasjonen melde dokumentet inn til administrasjonsutvalet. Dokumenta er i henhold til Hovudtariffavtalen kapittel 1 § 14-1 og Kommunens personalhandbok 6.10-1. Innspel frå Fagforbundet:

- Det er ønskeleg å behalde moglegheita til 3 dagar velferdspermisjon + eventuelle reisedagar i forbindelse med dødsfall i nær familie. Administrasjonen har foreslått 3 dagar velferdspermisjon. I tillegg er det ønskeleg å ha moglegheit til 5 dagar velferdspermisjon ved sjukdom i nær familie. Administrasjonen har foreslått 3 dagar velferdspermisjon.  
**Begrunnelsen** for at Fagforbundet meiner dette, er at om vi går ned på moglege dagar med velferdspermisjon, vil tilsette sjukemelde seg. Då vil dei gjerne bli lenger borte frå jobb.

Innspel frå NSF:

- NSF meinte det tar ca. 1 veke frå dødsfall til gravferd. Av erfaring meiner dei at dei fleste treng denne veka til sorgprosess og gjennomføring av gravferd.

Innspel frå fagforbundet:

- For tilvenning i barnehage ønskjer fagforbundet at man framleis skal ha moglegheit til inntil 3 dagar velferdspermisjon. Administrasjonen har foreslått inntil 2 dagar.  
**Begrunnelsen** er at foreldre må være tilgjengelig for barnehagen i inntil 3 dagar.

### **Rutinar for medarbeidarsamtalar / Utviklingssamtalar**

Dokumentet skal sikre at medardersamtalar/utviklingssamtalar gjennomførast innafor gitte rammer for alle tilsette i Vaksdal kommune.

Innspel frå Fagforbundet:

Fagforbundet ønskjer at dei som har under 50% stilling skal få tilbod om medarbeidarsamtale om dei ønskjer det.

HR leiar har kontakta einingsleiar for Helse og omsorg. Det lar seg ikkje gjennomføre at dei som har under 50% stilling skal få tilbod om medarbeidarsamtale 1:1. Det vil bli gitt tilbod om gruppesamtaler for dei som har så låg stillingsprosent.

### **Intervju guide**

Dokumentet skal være ein vegleding til å strukturere intervju av kandidatar ved rekruttering til stillingar i Vaksdal kommune. I tillegg er det forslag på relevante spørsmål som intervjuar kan velge å bruke når dei intervjuar kandidatar.

Det var ingen innspel til endring av dokumentet

### **Vedlegg**

- Velferdspermisjonar – Revidert
- Rutinar medarbeidarsamtalar
- Intervjuguide Vaksdal kommune

# VELFERDSPERMISJONAR

Velferdspermisjonar med løn kan maksimalt bli gjevne for 12 arbeidsdagar gjennom eit kalenderår. Fri utover 12 dagar blir gjevne som permisjon utan løn.

## Ved alvorleg sjukdom

Ved alvorleg sjukdom i næraste familie (ektefelle, foreldre, besteforeldre, barn, søsken eller andre som står arbeidstakaren nær): Inntil 5 dagar

Rett til permisjon ved sjukdom til barn og barnepassar etter arbeidsmiljølova § 12-9 og Hovedtariffavtalen, Fellesbestemmelsane § 8, pkt. 8.4, gjeld i tillegg til første setning.

## Ved dødsfall

Ved dødsfall i næraste familie og andre som har stått arbeidstakaren nær (ektefelle, foreldre, besteforeldre, barn, søsken eller andre som står arbeidstakaren nær): Inntil 3 dagar, eventuelt med tillegg av naudsynte reisedagar.

## For tilvenning av barn i barnehage/skulestart

For tilvenning av barn i barnehage: Inntil 3 dagar

1. skuledag: Fri inntil 1 dag

## For eige bryllaup

For eige bryllaup: 1 dag

*Permisjonsdagen skal takast enten på bryllaupsdagen eller dagen etter, dersom dette er arbeidsdag.*



## Til husbygging og istandsetting av eige hus/husvære

Til husbygging og istandsetting av eige hus/husvære: 2 dagar

*Permisjon kan bli gjevne dersom arbeidstakaren sjølv deltek i bygging av eige hus/husvære. Det blir ikkje gjevne løna permisjon ved tilbygg eller reoperasjon av eksisterande hus.*

## For deltaking i større idrettsarrangement

Internasjonale idrettsarrangement, landskampar o.l.: Inntil 5 dagar

Finale i norgesmesterskap: Inntil 2 dagar

Ordninga blir også praktisert for leiarar.

## Høgtidsdagar

For feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender: Inntil 2 dagar

### **Flytting**

Dersom flytting er naudsynt ved skifte av arbeidsstad hjå ein og same arbeidsgjevar:  
Inntil 1 dag

### **Andre velferdspermisjonar**

Undersøking og behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut og andre private gjeremål må så langt mogeleg leggjast til fritida. Det ein finn det rimeleg, kan permisjon med løn bli gjeven for andre velferdsføremål, eventuelt ved analogisk bruk av første setning.

### **Fri ved runde dagar**

Tilsette får fri på 50 og 60-årsdagen, der denne er ein arbeidsdag.

# Korte velferdspermisjonar

Retningslinjer for korte velferdspermisjonar er heimla i Hovedtariffavtalen kap. 1 § 14-1 og Kommunenes Personallåndbok 6.10.1

- Velferdspermisjonar med ln kan maksimalt bli innvilga for 12 arbeidsdagar gjennom eit kalenderår. Fri utover 12 dagar blir eventuelt gjevne som permisjon utan ln
- Velferdspermisjon som ikkje fell inn under Hovedtariffavtalen kap. 1 § 14-1 og Kommunenes Personallåndbok 6.10.1 kan bli innvilga som permisjon utan ln.

## Ved alvorleg sjukdom i næraste familie

- Inntil 3 dagar
- Med næraste familie meines ektefelle, foreldre, besteforeldre, barn og søsken
- Ved andre særskilde nære relasjonar kan leiar gjera ei vurdering i kvart enkelt tilfelle

## Ved dødsfall i næraste familie

- Inntil 3 dagar
- Med næraste familie meines ektefelle, foreldre, besteforeldre, barn, og søsken
- Ved andre særskilde nære relasjonar kan leiar gjera ei vurdering i kvart enkelt tilfelle

## For tilvenning av barn i barnehage/skulestart

- For tilvenning av barn i barnehage: Så kort som mulig, inntil 2 dagar
- Flgje barn til skule første skuledag: Så kort som mulig, inntil 1 dag

## For eige bryllaup

- 1 dag

## For eigen behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut etc.

- Skal så langt mulig leggjast til fritida
- Deltidstilsette skal gjera dette på fridagar/fritida
- Der det er nødvendig å leggja det i arbeidstida, skal dette gjerast slik at det er til minst mulig ulempe for arbeidsgjevar
- Undersking og behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut etc. skal vre dokumentert med innkalling eller liknande



## Flgje barn til lege og tannlege

- Skal så langt mulig leggjast til fritida
- Deltidstilsette skal gjera dette på fridagar/fritida
- Der det er nødvendig å leggja det i arbeidstida, skal dette gjerast slik at det er til minst mogleg ulempe for arbeidsgjevar

## Hgtidsdagar

- For feiring av religise og nasjonale hgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender inntil 2 dagar

## Fri ved runde dagar

- Tilsette fr fri på sin egen 50 og 60-årsdag, der denne er ein arbeidssdag.

## Andre tilfeller

- Andre tilfelle som ikkje er skildra i dokumentet vil vurderast særskild i kvart tilfelle